

Møteprotokoll

Utval:	Partssamansett utval nye Ålesund
Møtestad:	Skodje rådhus, kommunestyresalen
Dato:	18.10.2017
Tid:	Kl. 10.00 – 11.40

Følgande medlem møtte	Parti	Kommune		
Geir Skodje	Tillitsvald			
Laila Alvestad	Tillitsvald			
Ramona Arnesen Pilskog	Tillitsvald			
Randi Otterlei Alvestad	Tillitsvald			
Eva Vinje Aurdal	AP	Ålesund		
Oddvar Myklebust	AP	Sandøy		
Dag Olav Tennfjord	H	Skodje		
Knut Harstad	H	Ørskog		
Randi Frisvoll	Krf	Haram		
Tore Johan Øvstebø	Krf	Ålesund		
Vebjørn Krogsæter	SP	Haram		
I tillegg møtte hovudverneombod Lars Marius Rindal				
	Parti	Varamedlem		Parti
Forfall				
Hanne Tønning	Tillitsvald	Frode Nordstrand		

Møteleiar:

Eva Vinje Aurdal, Ålesund, AP

Administrasjon/andre:

Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem, politisk sekretær Elin A. Moen, kommunikasjonsansvarleg Anne Bente Skjellum og prosjektrådgivar demokrati Mads Solberg.

Orienteringar og spørsmål i byrjinga av møtet:

Leiar Eva Vinje Aurdal orienterte om innhald i nyheitsbrev nr 3 tilsette i kommunane som inngår i nye Ålesund utsendt på e-post 17.10.2017.

Prosjektkoordinator Anne Berit S. Emblem orienterte om delprosjekta og arbeidet i prosjekta så langt. Det er no fokus på at delprosjekta må koordinere seg imellom, og det vert halde møte i egne prosjektleiarforum.

Frode Nordstrand, tillitsvald stilte spørsmål med bekymring for kva som skjer med rådmannstillinga i Ålesund kommune etter at Astrid Eidsvik er tilsett som rådmann/prosjektleiar i nye Ålesund.

Diverse:

Tore Johan Øvstebø, Ålesund, KRF fekk innvilga permisjon og forlet møtet etter orienteringa om oppretting av Newton-rom, sak 23/17 på saklista til AU.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
005/17	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
006/17	Diverse orienteringar til møte 18.10.17 i partsamansett utval PSU

005/17: Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkalling og sakliste vert godkjent. Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent.

Partssamansett utval nye Ålesund 18.10.2017:

Behandling:

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga, men det vart påpeika frå tillitsvald Laila Alvestad at dei gjerne kunne få sakene enno tidlegare enn ei veke før møtet.

Leiar Eva Vinje Aurdal opplyste at det ikkje var eigne saker til behandling på dette møtet, kun sak som omhandlar orienteringar om sakene til Arbeidsutvalet. Etter dette vart saklista godkjent.

Prosjektkoordinator Anne Berit S. Emblem beklaga at referatet frå sist møte 07.09.17 vart sendt ut seint. Det kom spørsmål om sakene frå PSU skal gå direkte til fellesnemnda eller via AU. Prosjektkoordinator svara at dette vil bli avklart i delegasjonsreglementet som no skal utarbeidast.

Vedtaket i sak 03/17 «Innhald i PSU-drøfting» med tilhøyrande saksdokument blei gjennomgått med fokus på kva som er drøftingssaker i PSU.

Etter dette vart møteprotokollen frå møtet 07.09.17 godkjent.

PNÅ- 005/17 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent. Møteprotokoll frå forrige møte 07.09.17 vert godkjent.

006/17: Diverse orienteringar til møte 18.10.17 i partsamansett utval PSU

Framlegg frå rådmannen:

Ikkje framlegg

Partssamansett utval nye Ålesund 18.10.2017:

Behandling:

Som det framgår av vedtak i sak 03/17 første kulepunkt, skal sakene på saklista til arbeidsutvalet også sendast til partsamansett utval som orienteringssaker. Desse var utsendt på førehand, og det vart gitt korte orienteringar frå leiar av fellesnemnda og administrasjonen i kvar sak i møtet.

I saka om Newton -rom orienterte varaordførar Tore Johan Øvstebø, Ålesund KRF. I saka om prosessmøte om politisk hovudstruktur i nye Ålesund orienterte projektrådgivar demokrati Mads Solberg.

Alle sakene vart teke til vitande av PSU.

PNÅ- 006/17 Vedtak:

I møtet vart det orientert om alle sakene på saklista til Arbeidsutvalet. Alle sakene vart teke til vitande av PSU.